

INNKALLING TIL ÅRSMØTE I

ImF-Stord

**Søndag 20. februar
Stad : Leirvik bedehus
Kl. 18.30**

Saksliste til årsmøtet

1. Godkjenning av innkalling og saksliste
2. Val av ordstyrer
3. Val av møtebokfører
4. Val av to til å skrive under møteboka
5. Årsmeldinga for ImF Stord
6. Årsmeldinga for alle undergruppene:
 - Søndagskolen
 - Junior-ving
 - Fredagsklubben
 - UKS
 - UNG
 - Pensjonistlaget
 - Bibelgruppene
 - Hjertebanken Stord
 - Futurum
 - SunnBok
7. Regnskap 2023 og budsjett 2024
8. Val
9. Leiring i ImF Stord:
Styret sitt framlegg til konkretisering av leiring og ansvarslinjer i forsamlinga, basert på Futurumarbeidet og innspel fra medlemsmøter siste året.

Presentasjon av valet

Medlemskap ImF Stord:

Det er viktig at alle betaler medlemskontigent 2024 før årsmøte.

Beløp: 300,-

Vipps: 110340 - Konto: 3000.22.08101

NB: Husk å merke med namn.

Ta kontakt dersom du vil ha hjelp med dette.



Årsmelding for ImF Stord 2023

ImF Stord hadde årsmøte 19.februar på Leirvik bedehus.

Etter valet blei styret slik:

Kjetil Fyllingen	styreleiar	2023-2024
Ole Jørgen Tvedt og Terje Vikestrand	styremedlem	2022-2024
Elin Solheim og Torbjørn Brosvik	styremedlem	2023-2025
Hans Gunnar Aadland	1.vara	2023-2024
Tove Iren Notland	2.vara	2023-2024
Per Magne Djupvik	3.vara	2023-2024

Valnemnd:

Christian Andre Balcken og Sara Brosvik ble valt for 2024, ein person blir oppnemnd frå styret.
Sistnemnde leier valet og kallar inn til møte.

Revisorar:

Kåre Løvland og Edvard Thormodsæter er valt for 2023

Medlemmar: ImF Stord hadde 139 registrerte medlemmar i 2023. Av desse har 83 betalt medlemskontingent.

Vedtekter og visjon

Styret har hatt eit overordna ynskje om å leie arbeidet slik det kjem fram i vedtektena for ImF Stord.

Vedtekter:

§1. Grunnlag:

ImF Stord byggjer sitt arbeid på Bibelen, Guds ord, og den evangelisk lutherske vedkjenning. På dette grunnlaget driv foreininga alt sitt arbeid, kallar frivillige og tilset sine medarbeidrarar.

§2. Føremål

- ImF Stord har til mål å styrkja kristent liv mellom barn, unge, vaksne og eldre. For å nå dette føremålet vil vi forkynne Guds ord og vise omsorg gjennom dei tiltak, reidskapar og kanalar vi finn nytig.
- ImF Stord vil arbeide saman med Indremisjonsskipnaden og Indremisjonsforbundet for å styrke Indremisjonen sitt kallsoppdrag. Foreninga vil ta medansvar for å skaffe økonomiske og andre ressursar til dei oppgåver kretsene og Indremisjonsforbundet utfører på vegne av dei innmeldte einingane.

Målsetjing (Visjon)

Me vil byggja varme, inkluderande kristne fellesskap, vinna nye for Jesus og gjera dei til hans disiplar.

Arbeidsåret 2023

Året 2023 har vore eit innhaldsrikt år for forsamlinga.

Vi har hatt samlingar rundt tre søndagar i månaden dette året, samt at vi hadde forsamlingsleir til Brandøy i april. Dette året har vi hatt litt fleire samlingar med bibeltimar og forkynning rundt ulike emne. I mars hadde vi ei helg saman med Horneland Indremisjon der Tor Espen Kristensen hadde bibeltimar på laurdag føremiddag. Vi hadde pizzakveld og sosial samling for heile familien laurdag kveld og en kjekk lovongskveld på søndagen. Hausten hadde vi òg godt besøkte helgar i september med besøk av Oddvar Søvik som hadde foredrag om likkleddet i Torino og flotte bibeltimar laurdag og søndag. I oktober hadde vi Hjertefokus laurdag 28. med over 80 deltagarar. Undervisning var ved Marit og Eilif Haaland.

Vi gled oss over at vi har faste bønemøter på torsdagar både føremiddag og kveld og at stadig fleire kjem på desse samlingane. Det er godt å få leggje forsamlinga, landet, regjeringa og bygda vår i Guds gode hender og be til han som kjenner framtida om råd og hjelp.

Også dette året har vi hatt bøneveke i byrjinga av semesteret på vår- og haustparten.

Vi ser òg at fleire nye andlet har funne vegen til møta våre og gjev god respons tilbake til oss. Dei opplever at dei blir godt teke imot og ynskja velkommen.

Vi har hatt to medlemskveldar dette året.

Den økonomiske situasjonen har vore krevjande for dei fleste familiar dette året, og mange forsamlinga merka at gjevartenesten har gått ned. Vi er difor enormt takksame for gjevarvilja de viser ved at den faste gjevartenesten har auka dette siste året. Vi er avhengig av at dykk medlemmar er med og gjev inn og har tru på arbeidet vi saman driv, så tusen takk for at de er med.

Vi har forventning til det nye året og gler oss over kva Gud gjer midt iblant oss.

Styret.

ÅRSmelding for Awana søndagsskule Leirvik bedehus 2023

Om lag 60 born har vore innom søndagsskulen 2023, og det har gjennomsnittleg vore om lag 20 born på samlingane. Det har gjennom 2023 blitt gjennomført 5 søndagsskulesamlingar første semester og 6 samlingar haustsemesteret. 11 leiarar har gjennom året vore engasjerte og fleire har stilt opp som medhjelparar. Me hadde tilbod til to aldersgrupper, med deling frå 5.klasse i vårsemesteret. Haustsemesteret klara me i tillegg å starta opp igjen Cubbies-gruppa, som er tilbod for born i alderen 3 - 6 år. Det har også i 2023 vore storsamlingar begge semester, og det vart arrangert Barne- og familiefest 3. juledag i samarbeid med søndagsskulen på Hystad og i Stord kyrkje. Saldo pr. 01.01.2024 var 9193,99 kr. Søndagsskulen har motteke frifondmidlar på 4447kr og fekk inn 2700 kr i medlemskontingent.


ÅRSMELDING FOR Leirvik JuniorVing året 2023



Leirvik JuniorVing er eit barnelag drive under IMF-Stord i kjellarstova på Leirvik Bedehus, og er eit tilbod for alle born i alderen frå 2. til og med 4. klasse. Samlingane er måndagar 17:30 til 19:00 i partals-veker. Borna har tydeleg hatt glede av tilboden og gitt gode tilbakemeldingar på samlingane.

JuniorVing hadde 17 samlingar i 2023, 8 i vårsemesteret og 9 i haustsemesteret.

Oppmøte for våren: Det har vore innom 33 barn, der 10 vart betalande medlemmer. På samlingane hadde me i gjennomsnitt 17 barn, maks var 21 og minimum var 12 barn. Totalt hadde me 136 oppmøte. Oppmøte for hausten: Det har vore innom 36 barn og der 21 vart betalande medlemmer. På samlingane hadde me i gjennomsnitt 19 barn, maks var 24 og minimum var 13 barn. Totalt hadde me 170 oppmøte.



Samlingane tek til med ”Ving”-songen. Etter ei lita songstund, bøn og bibelforteljing, delar me oss inn i ulike aktivitetsgrupper.

Aktivitetane er i hovudsak ulike typar hobbyarbeid, matlagning, legogruppe, sløyd og ei spelegruppe som speler ulike spel. Etter aktivitetane i grupper samlast alle i kjellarstova og kjøkengruppa serverer det dei har laga. Til avslutning ber me ei kort bøn. Denne

hausten har me hatt fokus på fadervår og trusvedkjeninga i andaktane. Nokre samlingar kallar me fellessamlingar, og då har me ikkje grupper, men andaktsstund, utlodning, leikar og litt mat. I dei to siste samlingane hadde me juleverkstad og juleavslutning med graut. Ungane likar samlingane godt og det er veldig kjekt at dei vert kjende med kvarandre på tvers av klassetrinna og skulane.

Denne hausten har me reklamert for IMS si Miniadventshelg 2.-4. klasse på Brandøy 17.-19. november 2023. JuniorVing hadde og ein leiari på leiren. 16 born som har delteke på JuniorVing reiste på leiren og me ser på dette som et viktig og godt samarbeid. IMS sitt tilbod om lavare deltakarpris ved behov er og veldig positivt etter vår meining. Det vart ein velg god og flott leir med bra stemning og glade born.

Medlemskontingenenten er 50 kr. pr. semester, den er sett lågt for at medlemskontingenenten ikkje skal vere til hinder for nokon til å bli med. Me ynskjer å kunne fortelje om Jesus til flest mogleg samstundes som me skal ha det kjekt. Gjennom året fekk me 29 medlemmer og hadde 306 oppmøte av 58 ulike born.

Me har vore ein god leiarstab, men litt få. Me har hatt 2 styremøte i løpet av året. Dette året har me fått to nye unge leiarar som og er konfirmantar, det er veldig glade for! Me burde vore ein vaksen til.

Økonomien er ok. I år har me gått med underskot på kr 3146. Behaldning årsslutt kr 26299. Me har framleis ein del midlar på bok. Me planlegg å bruka noko av dette på inventar og utstyr i forbindelse med oppussinga samt noko på rekrutteringstiltak .

Inntekter	Utgifter	Inntekter	9623
Kollekt og diverse	81	Mat	1196
Medlemskontingent	1700	Materiell	9025
Utlodning	720	It og data utstyr	0
Renter	579	Annonser	2548
FriFond+Kommune	6543	Awana, utsyr, verktøy	0
Sum inntekter	9623	Sum utgifter	12769
		Inntekter	9623
		- Utgifter	12769
		Resultat (underskot)	-3146

Me har fått FriFondmidlar på kr 4143 og tilskot frå Kommunen på kr 2400. Tusen takk, dette er veldig viktige midlar for oss!

Oppsummering

Me freistar å sjå kvart einaste av borna som kjem, slik at dei skal vera trygge, trivast og ha det kjekt på JuniorVing og på Leirvik Bedehus. Dermed er me med på å ”Byggja eit varmt og inkluderande kristent fellesskap” I andaktane vil me at borna skal bli kjende med Jesus.

Leiarar som har vore med:

Våren Johny Dyrøy leiar
Åslaug Leiknes Nag
Kjersti Djupvik
Audhild Eide
Torjus Teistedal Dyrøy
Abelone Susann Haga Svendsen

Hausten Johny Dyrøy (sign) leiar
Åslaug Leiknes Nag
Kjersti Djupvik
Audhild Eide
Torjus Teistedal Dyrøy
Abelone Susann Haga Svendsen
Ella Erichsen



ÅRSMELDING FREDAGSKLUBBEN

Fredagsklubben har hatt jamlege møter heile vår- og haustsemestret 2023. Me hadde 13 samlingar vårsemesteret og det same under haustsemesteret.

Me har samlingane våre som før i kjellarstova fredagar frå 18.00-19.30. Dette går på eit vis, men me ser verkeleg fram til å få meir plass etter fleire år med krevjande lokalitetar.

Oppmøte har vore bra, men veldig varierande. Det har vore frå 5 - 6 born og heilt opp til 20. Me veit at fredagen er ein vanskeleg dag, mykje skjer mht. bursdagar, reiser o.l. Men me har det veldig kjekt i lag, og ungane ser ut til å ha det kjekt, og det har me som leiarar òg.

Me har andakt kvar gong der me nytter Awana i kombinasjon med frie andakter frå folk me spør om dette.

Me har hatt fleire frivillige, og frå Ims. Dette set me stor pris på. Tusen takk til dákke.

Så har me hatt forskjellege aktivitetar, tur i skogen med bål, spelekeldar, utloddinger, bingo, juleverkstad og diverse opplegg.

Ungane betalar 20,- for mat kvar gong. Me har 100,- i medlemskontingent og me får frifondmidlar.

Me ser på arbeidet vårt med stor takksemd, og ser det som eit stort og viktig arbeid.

Som alltid, skulle me gjerne ynskt at me var fleire til å dele på oppgåvane, så me har plass til fleire leiarar om nokon har lyst og anledning til å være med oss. Det er veldig kjekt!!

Leiarane i Fredagsklubben

Årsmelding UKS 2023

I teamet for våren: Joachim Kirkeli, Lea Iren Eide, Rakel Brosvik, Margrete Aase, Guro Teistedal Dyrøy.

Hilde Kristin Teigland, Johny Dyrøy, Rebekka Karlsen og Simen Elias Teigland som vaksenkontakt.

Haust: Lea Iren Eide, Rakel Brosvik, Margrete Aase, Guro Teistedal Dyrøy.

Hilde Kristin Teigland, Rebekka Karlsen, Maria Karlsen, Svein Gunnar Notland og Simen Elias Teigland som vaksenkontakt.

På våren hadde me 16 UKS-kveldar, i tillegg til tre Fundament-samlingar der UKS og UNG er saman. Me Har hatt besøk av Helgeland FHS og eit team frå Hawaii denne våren. Teamet frå Hawaii hadde møte for oss med blant anna andakt og lovesong torsdag- og fredag kveld. På laurdagen tok teamet oss med ut i Leirvik sentrum for å dele evangeliet og/eller be for dei som ynskja det på føremiddagen. Dette var spennande for ungdommane å få vera med på. Laurdag kveld delte teamet vitnesbyrd og leia oss i lovesong. Det var ei viktig og innhaldsrik helg i ungdomsarbeidet. På hausten hadde me 15 UKS-kveldar.

I 2023 har me blant anna hatt Bowling to gongar, tema «barnebursdag» som var stor suksess, fargetema, «grip mikrofonen», filmkveld, Heim til jul saman med UNG, gått i 17.mai tog for UKS under Leirvik Bedehus si fane og delteke på Pit Stop som er arrangert av IMS.

Elles er me glade for å ha fått ein pølsegrill som me no nyttar i kiosken på fredagskveldane. Me gler oss og over at me flittig får nytta benkebordet/uteområdet på kveldane med fint vær.

Pit Stop vart flott i år også. Dette er me glade for at me kan vera ein del av. Dagane vart fylt opp med bibeltimar, seminar, "Amatøranes meister", kveldsmøter, rebus og sosialt.

Det er mange kjekke vaksne som er med på rullering som leiarar kvart semester. Dei står for oppvask, rydding, sal i kiosken og tryggleik. Me er svært takksame for alle som er med! I tillegg har me ein kjerne med vaksne som rullerer på å vera med i det sosiale. Desse er med på dei fleste kveldane. Det er flott at fleire kjenner seg kalla til å vera med i arbeidet.

Nyttår: I år var det Johny Dyrøy som stod i bresjen for å laga til nyttårsfeiring på Leirvik Bedehus. Det vart ein kjekk kveld med 18 ungdommar. Me var òg i kyrkja på Gudsteneste.

Økonomien er god. No har medlemsskapa auka og vore ganske stabile etter korona, så det er flott at me får litt frifond til å lage kjekke UKS-kveldar.

For UKS- Hilde Kristin Teigland

ÅRSMELDING FOR

UNG (tidlegare IUF) året 2023

UNG: er ein ungdomsklubb drive under IMF-Stord i ungdomsrommet på Leirvik Bedehus. Målgruppa for UNG er all ungdom i vidaregåande skule og oppover. Klubben skal vera eit godt og rusfritt tilbod på laurdagskveldane, og er open for ungdom frå VG1 og oppover til ung voksen alder. Me vil vera ein plass for gode sosiale aktivitetar, ein plass for identitetsbygging, fellesskapsbygging og åndeleg utrusting. UNG er vidareføring av IUF.

Samlingar: UNG hadde 29 eigne samlingar i 2023, og hadde ope dei aller fleste laurdagskveldane forutan feriane og 7 kveldar som vart avlyst grunna manglande leiarar. Me har også hatt 10 samlingar saman med UKS der 4 av dei har vore konseptet Fundament. Me har òg delteke på arrangementet PitStop på Leirvik Bedehus og vore med å arrangera «Heim til Jul» og nyttårsfest på Leirvik Bedehus 31.12.2023.

Oppmøte: På UNG samlingane har det vore frå 4 til ca. 20 personar. Me byrjar no å sjå ein fast base med om lag 8-10 ungdomar som kjem regelmessig. Me ynskjer at minst 15 ungdomar skal koma regelmessig for at det skal opplevast som ein attraktiv og levande ungdomsklubb. Me må og jobba for å bli meir kjent i målgruppa, og fortelja kva me kan tilby.



Innhald: Samlingane byrjar no å finna si form. Me har ei kort samling med andakt og håper etter kvart å få på plass eit band eller forsongargruppe. Me har alltid mat, som regel pizza og har hatt nokre samlingar der me har hatt pizzalaging som ein del av aktivitetten. Elles bruker me ferdigpizza. Så har me litt ulike leikar og aktivitetar der «4 mann i sofaen» og Grip mikrofonen har vore populære. Me har og hatt juleverkstad. Det er viktig å ha interessant innhald som engasjerer deltakarane, samtidig som dei opplever å få slappa av og kosa seg på laurdagskvelden.

Deltakarane har ulike behov når det gjeld forholdet mellom aktivitet og «fri», kor mykje engasjement som skal krevjast av deltakarane, og forma på det religiøse innhaldet i samlingane. Me må framleis jobbe med å finna fleire aktivitetar, og få meir engasjement for å auka aktiviteten i klubben.



Samarbeid: Me set stor pris på samarbeidet med ungdomsklubben UKS både på praktisk område (td. rom og mat), innhaltsområde (td. fellessamlingane Fundament) og på deltakar og leiar område (td. samarbeid mellom leiarar). Me er og opne for, og på jakt etter andre forum som me kunne samarbeida med, til dømes ungdomsarbeidet i kyrkja eller andre aktuelle grupper.

Økonomi: Medlemskontingenten er 50 kr. pr. semester, den er sett lågt for at medlemskontingenten ikkje skal vere til hinder for nokon til å bli med. Me ynskjer å kunne fortelje om Jesus til flest mogleg samstundes som det skal vera lett og enkelt å vera med og me skal ha det kjekt. Gjennom året fekk me 8 medlemmer.

Leiarar: Me har enno ikkje fått på plass ein fast leiarstab, dette må vera eit satsingsområde for klubben i 2024. Me treng personar som kan hjelpe til på fast basis.

Økonomi: Økonomien er svak. Årsstart kr 4432 og underskot på kr 3096 Behaldning årsslutt kr 1336.

Inntekter	Utgifter	Inntekter	6227
Kollekt og gave	2500	Mat	5854
Medlemskontingent	400	Arrangementsutgifter	1874
Matsal egenand osv	400	Hobbyart, utlodding	0
Renter	0	Annonser	0
Frifond midlar	2927	Gitar SLB, gebyr	1595
Sum inntekter	6227	Sum utgifter	9323
		- Utgifter	9322
		Overskot (underskot)	-3096
		Beholdning årsslutt	1336

Kommentar: Me har fått FriFond midlar på kr 2927. Tusen takk, dette er veldig viktige midlar for oss!

Oppsummering

Dette er eit viktig tilbod til ungdom i vidaregåande skule alder på Leirvik. Denne klubben vil gjerne møta, byggja opp og styrka ungdom i ei viktig tid av livet. Ungdomane likar å samlast og trivest i lag på samlingane. Dermed er me med på å ”Byggja eit varmt og inkluderande kristent fellesskap”.

Leiarar som har vore med: Johny Dyrøy (sign) leiar, Styret (ungdomar)

Pensjonistlaget «Vi over 60» ved Leirvik Bedehus.

Arsmelding 2023

På årsmøte 25. januar 2023 ble følgende valgt inn i styret

Leder:	Reidar Brevik	2023-2024
Styremedlem:	Hans Gunnar Aadland	2022-2024
Styremedlem:	Rasmus Hatlevik	2022-2024
Kasserer:	Jakob Thormodsæter	2023-2025
Varamedlem:	Inge Hystad	2023-2024

Siden styret ikke er fulltallig, har Inge Hystad fungert som fast medlem i styret.

På årsmøtet ble det ikke valgt revisor, valgnemd eller turkomite, men styret fikk fullmakt til å gjør dette. Og på styremøte 7. januar ble følgende valgt:

Revisor:	Rut Hageberg og Lars Hageberg
Valgnemd:	Inge Hystad og Edel Sørvik
Turkomite:	Jakob Thormodsæter og Rasmus Hatlevik

Vi skulle gjerne hatt flere med i styret, men alle i det nåværende styret har sagt seg villig til å fortsette et år til.

Kjøkkenpersonell:

Også dette året har Kjellaug Lønning gjort en veldig god jobb med å rekruttere medhjelpere på kjøkkenet. Alle har bidratt på en positiv måte, og servert oss gode måltider produsert på Solidhuset. Hans Gunnar har ordnet med bestillinger og henting av maten.

Andre oppgaver:

Norvald Lønning og Oddvar Naustdal har vært tekniker på samlingene, og styrt lyd og bilde på en trygg og god måte. Reidar har spilt piano på noen av samlingene, samtidig som han har ledet. På de to siste samlingene i høst har Odd Myhre spilt trekspill, og Inge Hystad har vært forsanger. Samarbeidet dem imellom har fungert veldig bra, og vi håper at de vil bidra også dette året.

Oversikt over samlingene i 2023:

Januar:	Hovedgjester var Lovsangsbrødrene. Norvald Lønning fortalte historien til koret. Koret sang i to avdelinger, og Reidar hadde en andakt.
Februar:	Hovedgjester var Jette Marie og Bjarne Steinsund De sang flere sanger, og Bjarne holdt andakten.
Mars:	Hovedgjest: Trygve Hellesøy. Han fortalte om sin tid som prest i Sameland.
April:	Hovedgjest: Ola Malvin Loheim Han fortalte om en spesiell misjonær far sin hjembygd i Hafslo.
Mai:	Busstur til Haugesund. Vi var innom Stemnestaden for kaffe, sang og andakt. Rundturen i Haugesund gikk til Steinsfjellet og Haraldstøtta, og noen smågater nede i byen. Det ble en stor overraskelse da sjøfartsdirektøren Knut Arild Hareide kom inn i bussen og fortalte om sin nye jobb. Og en ny overraskelse da vi på turen hjemover kjørte innom Nordre Misjonskirke, hvor et ektepar i menigheten sang og spilte, og hadde andakt for oss. Så avsluttet vi turen ved å kjøre ytre lei i Sveio, med Trygve Kinn som en meget dyktig guide.
September:	Hovedgjest: Håkon Hartvedt. Han sang flere av sine sanger, fortalte gode historier og hadde andakt for oss.

- Oktober: Hovedgjest: Trygve Eiken
Han fortalte om sitt arbeide hos Vik og Sandvik, og hvordan han som båtkonstruktør hadde reist verden rundt, og møtt mange ulike mennesker. Han avsluttet med en andakt.
- November: Hovedgjest: Gerda Malene Øen
Hon fortalte om sin oppvekst på Vikjo på 50- og 60-tallet. Det var mange som kjente seg igjen når hun i detalj fortalte om alle butikkene som var på Vikjo den gangen. Og alle de ulike menneskene som på ulike måter hadde betydd mye for henne i oppveksten. En veldig god mimrestund for oss gamle.

Stord 2023.01.09

Reidar Brevik styreleder	Hans Gunnar Aadland styremedlem	Jakob Thormodsæter kasserer
Rasmus Hatlevik styremedlem		Inge Hystad styremedlem

Årsmelding for bibelgruppene

Totalt er det rundt 80-100 mennesker som har vore aktive å være bibelgrupper i 2023. Dei aller fleste gruppene samlast kvar 14. dag og eit par samlast ein gong i månaden.

Det er kjekt å sjå at så mange har funnet seg ei bibelgruppe dei ynskjer å være en del av. Bibelgruppene er flinke å invitere inn nye til seg, noko som er utruleg gledeleg å sjå. Mange grupper har hatt god flyt med jamne treff kvar 14. dag, medan andre har slitt litt meir med å komme skikkeleg i gang å få en god flyt. Vi er takksame for eit rikt og godt smågruppfellesskap - dette fører oss nærmare kvarandre.

Årsmelding for Hjertebanken Stord 2023

Hjertebanken har fått lite oppdrag i 2023. Dugnadskreftene vart derfor nytta til ein del vedarbeid. Det resultera i over 20 000 kr i inntekt til ImF Stord. Hjertebanken klipte også ein hekk for ein familie. Vi har no eit oppdrag på trappene som vart utsett grunna is og snø i desember. Det er å ta ned et furutre i ein oppkøyrsel. Takk til dei som stilte på dugnad for Hjertebanken. Facebook-sida måtte vi dessverre legge ned grunna hacking. Ny Facebook-gruppe kjem.

Årsmelding for Futurumteamet 2023

Dette året har det ikkje vore Futurumsamling på Bryne slik det plar være. Grunna krevjande økonomi i ImF sentralt er dette tilbodet lagt på is ei stund.

Vi ynskja likevel å arbeide vidare på denne måten for å setje retning for arbeidet og få innspel frå forsamlinga på retning, trivsel osv. Vi hadde ei samling før sumaren der vi arbeidde litt med kva vi legg i visjonen vår og korleis dette skal sjå ut i praksis. Det var eit godt engasjement på denne samlinga med rundt 40 frammøtte.

Vi tykkjer det er veldig verdifullt å få løfte blikket saman som leiarteam. I august hadde vi oss ein laurdag på Bømlo for Futurumteamet og styret der vi søkte Gud saman og samtala om våre draumar for forsamlinga for de neste 5 åra. Vi drøfta òg innspela som hadde komme inn på samlinga før sumaren og samtalte om korleis vi kan arbeida for å skape eining og forståing oss imellom.

SunnBok

Årsmeldinga til SunnBok er ikkje klar enno.

Revisjonsrapport rekneskapsåret 2023 .

Vi har revidert årsrekneskapet til IMF Stord som viser eit underskudd på Kr. 68.547 . Årsrekneskapet består av balanse pr. 31.12.23 og resultatrekneskap for rekneskapsåret avslutta pr. samme dato.

Vårt mål er å oppnå betryggande sikkerheit for at årsrekneskapet som heilhet ikkje inneheld vesentleg feilinformasjon, verken som følge av misleghald eller utilsikta feil, og å avgj ei revisjonsbetraktnign som inneheld vår konklusjon.

Etter vår mening:

- Årsrekneskapet oppfyller gjeldande lovkrav.
- Årsrekneskapet gir eit rettvisande bilde av IMF Stord sin finansielle stilling pr. 31.12.23, og resultatet pr. denne dato i samsvar med god rekneskapsskikk.

Grunnlag for konklusjonen:

Vi har gjennomført stikkprøvekontroll av bilag både på inntekter og kostnader. I tillegg har vi vore i dialog både med rekneskapsførar (Guri Bjørnevik), og forsamlingsleiar Ingvild Løklingholm. Dette i hovudsak med tanke på oppfølging av nokre punkt i revisjonsrapporten frå forrige år.

- Handtering av kontante pengar i kollekt.

Vi har sett på rutine for handtering av kontante pengar i kollekt, på bakgrunn av kommentar og framlegg til ny rutine for dette i revisjonsrapporten for 2022.

Ifølgje forsamlingsleiar har ein no gått bort frå å ta inn kontante pengar i kollekt. Satser kun på Vipps eller betaling via bankterminal.

Det vart i ein periode freista med kontanter, og registrering av desse i bok, før vippning til banken. Dette var veldig tungvint, og uansett lite i bruk, og er difor no avskaffa.

I den grad det likevel førekjem kontante pengar i kollekt, bør nemnde rutine med signering av opptalte pengar og overføring til bank følgast .

- Utgiftsbilag.

Vi har sett på utgiftsbilag for varekjøp med bankkort, og ser at desse no er signert med namn, og forklarande tekst på kva kjøpet gjeld, slik at det er enkelt å bokføre desse korrekt.


- *Lån til Helgatun.*

Ein har vore i dialog gjennom året med Helgatun om tilbakebetaling av dette lånet til IMS Stord. Korleis dette reint praktisk skal gjennomførast må opp på årsmøtet til Helgatun , før endeleg avtale vert inngått mellom partane.

Pr. 31.12.23 står lånet difor bokført på samme måte som ved forrige årsskifte.

Vi finn ingen feil eller manglar ved rekneskapet for IMS Stord, og anbefaler årsmøtet å godkjenne rekneskapet for 2023 slik det no ligg føre.

Stord, den 24.01.2024



Kåre Løvland
Revisor



Edvard Thormodsæter
Revisor

Resultatrapport

Periode: 2023
Kunde (Alle)
Leverandør (Alle)

Resultat (2023)		2022	
Regnskapskonto	2023	Periode	Endring
Driftsresultat			
Driftsinntekter			
Salgsinntekter			
3110 Kollekt	163 481,47	149 694,25	13 787,22
3111 Lagsgåver	1 500,00	16 500,00	-15 000,00
3112 Gjevartenesta	703 385,00	552 367,00	151 018,00
3113 Andre gåver, minnegåver		13 556,12	-13 556,12
3114 Medlemspengar	22 200,00	27 000,00	-4 800,00
3115 Refusjon MVA	87 081,00	84 691,00	2 390,00
Salgsinntekter	977 647,47	843 808,37	133 839,10
Annen driftsinntekt			
3440 Offentleg tilskot	3 973,20	1 206,12	2 767,08
3900 Inntekter middag o.l.	133 970,00	26 938,00	107 032,00
Annen driftsinntekt	137 943,20	28 144,12	109 799,08
Driftsinntekter	1 115 590,67	871 952,49	243 638,18
Driftskostnader			
Varekostnad			
4010 Varekjøp	50 409,94	31 197,22	19 212,72
4500 Talarhjelp	16 563,00	1 500,00	15 063,00
4550 Gåver	68 670,40	65 744,00	2 926,40
Varekostnad	135 643,34	98 441,22	37 202,12
Lønnskostnad			
5000 Lønn til ansatte	857 669,40	805 641,43	52 027,97
5030 Sykepenger	-16 184,00	-9 615,00	-6 569,00
Lønnskostnad	841 485,40	796 026,43	45 458,97
Annen driftskostnad			
6300 Kontorleige	20 000,00	20 000,00	
6301 Leige av Leirvik Bedehus	82 000,00	80 000,00	2 000,00
6552 Tripletex rekneskapssystem	3 475,00	3 468,75	6,25
6705 Honorar regnskap	10 000,00	10 000,00	
6790 Honorar musikarar	1 000,00	3 350,00	-2 350,00
6810 Avgift domene, internett	1 448,75	1 598,75	-150,00
6820 Trykksaker	3 073,72	3 119,15	-45,43
6860 Kurs reise-opphold-kursavgift	82 985,00	41 334,00	41 651,00
6890 Diverse utstyr	20 205,42	2 800,50	17 404,92
6940 Porto		1 665,00	-1 665,00
7320 Lysingar	15 610,59	23 538,74	-7 928,15
7410 Medlemskontingent ImF, Awana	11 997,00	9 912,00	2 085,00
7770 Bank og kortgebyrer	5 453,83	4 263,59	1 190,24
Annen driftskostnad	257 249,31	205 050,48	52 198,83
Driftskostnader	1 234 378,05	1 099 518,13	134 859,92

Resultat (2023)			
Regnskapskonto	2023	2022	
		Periode	Endring
Driftsresultat	-118 787,38	-227 565,64	108 778,26
Finansinntekter og finanskostnader			
Finansinntekter			
Annen finansinntekt			
8050 Annen renteinntekt	50 240,32	16 739,98	33 500,34
Annen finansinntekt	50 240,32	16 739,98	33 500,34
Finansinntekter	50 240,32	16 739,98	33 500,34
Netto finansresultat	50 240,32	16 739,98	33 500,34
Ordinært resultat før skattekostnad	-68 547,06	-210 825,66	142 278,60
Ordinært resultat	-68 547,06	-210 825,66	142 278,60
Årsresultat	-68 547,06	-210 825,66	142 278,60
Overføringer			
8800 Årsresultat		-210 825,66	210 825,66
Sum overføringer		-210 825,66	210 825,66

Balanserapport

Periode: 2023
Kunde (Alle)
Leverandør (Alle)

Balanse (2023)				
Regnskapskonto	IB 2023-01-01	2023-12-31	2022-12-31	Endring 2022-12-31
Eiendeler				
Anleggsmidler				
Finansielle anleggsmidler				
Andre fordringer				
1390 Lån til Helgatun	1 000 000	1 000 000	1 000 000	
Andre fordringer	1 000 000	1 000 000	1 000 000	
Finansielle anleggsmidler	1 000 000	1 000 000	1 000 000	
Anleggsmidler	1 000 000	1 000 000	1 000 000	
Omløpsmidler				
Investeringer				
Markedsbaserte aksjer				
1811 Aksjar i SunnBok AS	122 500	122 500	122 500	
Markedsbaserte aksjer	122 500	122 500	122 500	
Investeringer	122 500	122 500	122 500	
Bankinnskudd, kontanter og lignende				
1925 SPV 3520.54.11664	14 681	16 563	14 681	1 882
1926 SOR 3000.22.08101	185 951	171 634	185 951	-14 317
1927 SOR 3000.22.08349	884 506	814 940	884 506	-69 566
1928 SOR 3000.32.27037	333 524	351 901	333 524	18 377
Bankinnskudd, kontanter og lignende	1 418 662	1 355 039	1 418 662	-63 624
Omløpsmidler	1 541 162	1 477 539	1 541 162	-63 624
Eiendeler	2 541 162	2 477 539	2 541 162	-63 624
Egenkapital og gjeld				
Egenkapital				
Oppjent egenkapital				
Annen egenkapital				
2050 Annen egenkapital	2 454 186	2 454 186	2 454 186	
Annen egenkapital	2 454 186	2 454 186	2 454 186	
Oppjent egenkapital	2 454 186	2 454 186	2 454 186	
Udisponert resultat		-68 547		-68 547
Egenkapital	2 454 186	2 385 639	2 454 186	-68 547
Gjeld				
Kortsiktig gjeld				
Leverandørgjeld				
2400 Leverandørgjeld	86 976	91 899	86 976	4 923
Leverandørgjeld	86 976	91 899	86 976	4 923
Kortsiktig gjeld	86 976	91 899	86 976	4 923
Gjeld	86 976	91 899	86 976	4 923
Egenkapital og gjeld	2 541 162	2 477 539	2 541 162	-63 624

Rekneskap med forslag til budsjett 2024

ImF Stord

Regnskapskonto	2023 Rekneskap	2023	Endring	2024	
		Budsjett	Rekneskap-Budsjett	Forslag budsjett	
Driftsresultat					
Driftsinntekter					
Salgsinntekter					
3110 Kollekt	163 481	250 000	-86 519	180 000	
3111 Lagsgåver	1 500	18 000	-16 500	18 000	
3112 Gjeveratenesta	703 385	650 000	53 385	800 000	
3113 Andre gåver, minnegåver	0	5 000	-5 000	5 000	
3114 Medlemspengar	22 200	25 000	-2 800	30 000	
3115 Refusjon MVA	87 081	70 000	17 081	85 000	
Salgsinntekter	977 647	1 018 000	-40 353	1 118 000	
Annen driftsinntekt					
3440 Offentlege tilskot	3 973	1 300		3 500	
3900 Inntekter middag o.l.	133 970	10 000	123 970	60 000	
Annen driftsinntekt	137 943	21 300	123 970	63 500	
Driftsinntekter	1 115 591	1 039 300	76 291	1 181 500	
Driftskostnader					
Varekostnad					
4010 Varekjøp	50 410	30 000	20 410	40 000	
4550 Gåver	68 670	65 000	3 670	65 000	
Talarhjelp	16 563	3 000		8 000	
Varekostnad	135 643	98 000	37 643	113 000	
Lønnskostnad					
5000 Lønn til ansatte	857 669	835 000	22 669	870 000	
5030 Sykepenger	-16 184	0	-16 184	0	
Lønnskostnad	841 485	835 000	6 485	870 000	
Annen driftskostnad					
6300 Kontorleige	20 000	20 000	0	20 000	
6301 Leige av Leirvik Bedehus	82 000	80 000	2 000	85 000	
6552 Tripletex rekneskapssystem	3 475	4 000	-525	4 000	
6705 Honorar regnskap	10 000	10 000	0	10 000	
6725 Honorar digital produksjon	0	0		0	
6790 Honorar musikarar	1 000	0	1 000	2 000	
6800 Kontorrekkvisita	3 074	5 000	-1 926	1 500	
6810 Avgift domene, internett	1 449	1 600	-151	1 600	
6820 Trykksaker	0	0	0	3 500	
6860 Kurs, reise-opphold-kursavgift	82 985	40 000	42 985	75 000	
6890 Diverse utstyr	20 205	3 000	17 205	20 000	
6900 Telefon	0	0	0	0	
6940 Porto	0	2 000	-2 000	1 000	
7140 Køyregodtgjersle	0	0	0		
7320 Lysingar	15 611	10 000	5 611	16 000	
7410 Medlemskontingent ImF, Awana	11 997	10 000	1 997	13 000	
7770 Bank og kortgebyrer	5 454	5 000	454	5 000	
Annen driftskostnad	257 249	190 600	66 649	257 600	
Driftskostnader	1 234 378	1 123 600	110 778	1 240 600	
Driftsresultat	-118 787	-84 300	-34 487	-59 100	
Finansinntekter og finanskostnader					
Finansinntekter					
Annen finansinntekt					
8050 Annen renteinntekt	50 240	20 000	30 240	75 000	
Annen finansinntekt	50 240	20 000	30 240	75 000	
Finansinntekter	50 240	20 000	30 240	75 000	
Finanskostnader					
Annen finanskostnad					
8150 Annen rentekostnad	0	0	0	0	
Annen finanskostnad	0	0	0	0	
Finanskostnader	0	0	0	0	
Netto finansresultat	50 240	20 000	30 240	75 000	
Ordinært resultat før skattekostnad	-68 547	-64 300	-4 247	15 900	
Ordinært resultat	-68 547	-64 300	-4 247	15 900	
Årsresultat	-68 547	-64 300	-4 247	15 900	